

Håja, hai og keip

Av Eldar Heide

I *Namn og nemne* 31 framførde Fridell (2015, jf. 2008) nokre innvendingar mot forslaget mitt om *Håja*, som er namn på to øyar i Troms og Finnmark – av **Håøya*, eldre **Håey*. Her kjem nokre merknader frå meg.

Forslaget mitt var at det er naturleg å sjå *Håja* på bakgrunn av profilen, fordi den er det mest slåande med øyane og fordi profilen liknar på ein *hár* m. Dette *hár* tydde dels ‘keip’ på gammalnordisk, dels ‘haifisk’. Eg sa at begge delane gjev god mening, fordi profilen på *Håja*-øyane liknar både ein keip og ryggfinneren på ein hai, og at det er etymologisk samband mellom dei to tydingane av *hár*; haifisk vart kalla *hár* fordi ryggfinneren liknar ein keip.

Fridell innvender at:

1. *hár* om fisk truleg ikkje var ‘hai allment’, men ‘pigghå’, at
2. denne bruken av *hár* ikkje har noko med profilen på ryggfinneren å gjera, men den giftige piggen som står like framom ryggfinneren på pigghå (– den liknar ei utståande grein / ein uståande pinne, på same måte som dei eldste keipane).

På bakgrunn av dette avviser Fridell at *Håja* kan ha bakgrunn i jamføring med haifinneprofil.

Etter alt å døme har Fridell rett i dette, og eg takkar for korreksjonen. Den har likevel ingen ting å seia for hovudpoenget mitt, som var at det er naturleg å forstå namnet *Håja* på bakgrunn av det landemerket profilen på øyane utgjer lange strekningar i leia. At det kunne vera jamføring berre med ein keip, ikkje haifinne, var eg open for (Heide 2013: 104) – slik Fridell òg er. *Håen*, som er eit fjell med liknande profil (på ei stor øy) ved leia mellom dei to *Håja*-øyane, tyder på at det heng slik saman, i og med at det samiske namnet på fjellet tyder ‘keipen’ (referansar i *ibid*).

Litteratur:

Fridell, Staffan, 2008: «Haj och hå». *Saga och Sed*. 119-28.

———, 2015: «Hå». *Namn og nemne* 31, 2014. 128-30.

Heide, Eldar, 2013: «Håja-*Håey i Troms og Finnmark – høgøya og hai(finne)øya?». *Namn og nemne*. 101-06.